



## Notat

Dato: 22.06.2016

Arkivsak: 2015/8847-11

Saksbehandlar: ROABREI

---

Til: Fylkesrådmannen

Frå: Roald Breistein

---

### Partsbrev - Forvaltningsrevisjon av regionale utviklingsmidlar - Revisjonsrapport

Fylkestinget gjorde slikt vedtak i sak PS 29/16 i møte 14.6.16:

#### «Saksprotokoll i fylkestinget - 14.06.2016

Line Margrete Johansen fra Deloitte presenterte revisjonsrapporten.

Nestleiar i kontrollutvalet, **Kristian Helland (KrF)**, orienterte.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

#### Vedtak

På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan «Regionale utviklingsmidlar» ber fylkestinget fylkesrådmannen syte for å:

1. *Sikre at enkeltvedtak om fordeling av tilskot blir fatta i samsvar med gjeldande delegasjonar, og at eventuell vidaredelegering av vedtaksmynne blir formalisert.*
2. *Sikre at distrikts- og regionalpolitiske verkemidlar blir nytta i samsvar med forskrift og retningsliner frå KMD, under dette at midlane ikkje blir nytta til drift av næringsverksemd eller organisasjonar.*
3. *Sikre at tilgjengeleg informasjon om tilskotsordningane innehold informasjon om tildelingskriterium, saksgang og saksbehandling, samt at det blir gjennomført systematiske evalueringar av informasjonsformidling og kunngjering for å sikre at informasjonen når heile målgruppa.*
4. *Sikre at det blir etablert tydelege tildelingskriterium for alle etablerte tilskotsordningar.*
5. *Vurderer å tydeleggjere og formalisere sakshandsamingsrutinane ytterlegare, samt etablere kontrollmekanismar i sakshandsaminga for å sikre at krav i regelverk og interne rutinar blir etterlevd i praksis.*
6. *Sikre at all kommunikasjon med søkjrarar, som har betyding for saka, blir arkivert i samsvar med forskrift om offentleg arkiv § 3-18 første ledd, og fvl. § 11d.*

7. *Lage ein prioritert handlingsplan innan 1.10.2016 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»*

Kopi til:

ØKONOMI - OG ORGANISASJONSAVDELINGA